

## SAKSPROTOKOLL

Møtet var kalla inn ved skriv frå ordføraren 5. februar 2018. Møtet har óg vore kunngjort i Bladet Tysnes og på kommunen si heimeside.

Det var ingen merknader til innkallinga, sakslista eller møteboka frå førre møte.

Styreleiar i Hordfast AS, Øyvind Halleraker, orienterte om selskapet. Presentasjonen vert ettersendt til kommunestyret sine medlemmer.

Ordføraren orienterte kort om utsendte referat skriv og meldingar.

Ordføraren orienterte særskilt om reglar og rutiner for fråfall til politiske møte, ordføraren sa at han ville koma tilbake med eit eige rundskriv til gruppeleiarane .

Ordføraren meinte at det er behov for å gjennomføra opprykk til Arbeiderpartiet si varaliste slik varalista vert fylt

Til møte hadde representanten Magnar Solheim fremja slike spørsmål:

### 1: Mobildekning

«Det har i fleire år vore snakka om kva ein skal gjera med mobildekninga i kommunen. Dette gjeld spesielt områda mellom Onarheim-Vermedal, Nymark – Lunde. I desse områda er det ikkje normal dekning av noko slag. Kva vil de gjere for å løyse dette problemet? Telenor virkar lite villig til å bygge ut, men kan kommunen i lag med private aktørar og næringsliv få til eit spleiselag?»

Ordføraren svara slik:

I samband med utskifting til 4G sendarar vart det antyda at det kan vera grunnlag for å venta betre dekning, avtalen med Telenor var at det skulle lagast ein ny kartlegging av dekning etter dette. Når det gjeld samarbeid med andre aktørar, så er det mogleg når det først er gjort tilstrekkelege avklaringar av dekning og prioritering. Ordføraren skisserte ein slik vidare saksgang: 1) Gjennomføra kartlegging av dekning, 2) laga ein framdriftsplan og sak om prioritering, 3) arbeida fram finansieringsplan.

### 2: Skule

«Det har i den seinare tid versert ein del rykter om at kapasiteten på skulane i kommunen er sprengd. Kan de gje ein statusoppdatering på denne saka?»

Rådmannen gav ved kommunalsjef oppvekst ei orientering med utgangspunkt i gjeldande skuleplan. Det vart vist til at det på Onarheim skule er plass til 60 elevar, problemstillinga her er

at skulen er bygd som fådelt skule og at det kan vera utfordringar knytt til vidare oppdeling av skulen.

Uggdal skule har ein kapasitet på 110 elevar, i skulebruksplanen vart det kommentert at det kan bli trøngt om det framleis skal vera barnehage i underetasjen. Det er, som kommunestyret kjenner til, ikkje lenger barnehage i underetasjen. Det er gjort noko tilpassingar for å betra situasjonen kring grupperom. Det er ikkje vurdert til å vera kritisk dei næraste åra.

Situasjonen på Tysnes skule er skildra både gjennom skulebruksplanen og gjennom eige forprosjekt. Dei største utfordringane her er kvalitet på bygningsmassane, manglande grupperom, manglande kulturskule, vaksenopplæring og arbeidsplassar for undervisningspersonell. Dette er tilhøve som må løysast gjennom planlagd investering.

Det er ingenting som tyder på at me ikkje skal kunne gje plass til alle nye elevar innanfor dagens kringsgrenser.

### **Ymse:**

Representanten Tore Atle Humlevik tok under ymseposten opp spørsmål om vegskilting, dette er framleis noko mangelfullt. Rådmannen viste til orientering om dette i 2017 der det vart vist til at arbeider vart sett i bero fram til 2018, det ligg inne midlar til å gjennomføra prosjektet i år. Kommunestyret vart nærare orientert om forventa framdrift i neste møte.

Sigvard Madsen og Magne Hauge Skartveit vart vald til å skriva under møteboka saman med ordføraren.